
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: fredag 27. september 2019 13:48
Til: 'FMVL Postmottak'
Kopi: Christel Villanger Håland; post@floholmen.no; Kenneth Taule Murberg; John Bauge; Normann Sæbø; Leif Gunnar Taule; Jon Askeland; Stian Marøy; Tonje Nepstad Epland; Silje Aileen Hjortland Haukedal; Jarle Landås
Emne: Fløholmen småbåthamn og flytebryggje. Radøy gbnr. 27/12
Vedlegg: Byggesak gbnr 2712 Kvalheim øvreFløholmen - småbåthamn - sak avslutta (315630).pdf

Eg viser til vedlagde skriv frå Radøy kommune, ref. 18/1814 – 19/133321, dagsett 17. september 2019, motteken via Altinn i dag 27. september 2019.

Av brevet framgår at det no er den reviderte kommuneplanen vedteken 20. 06. 2019 som er tema.

Dei reviderte kommuneplandokumenta klårgjer **vesentlege** sider ved Fløholmensaka ; byggjegrænse mot sjø generelt, byggjegrænse mot sjø i etablerte næringsområde spesielt, disponeringa av areal avsett til småbåthamner i kommuneplanen, og spesielt disponeringa av Fløholmen sine næringsareal (eige punkt i føresegnene).

Kommunen nektar å svara på relevante spørsmål i denne samanheng. Av brevet framgår at kommunen heller ikkje vil svara på «yttelegere hendingar».

Kommunen viser til at Fylkesmannen i sitt vedtak av 10. 01. 2019 har vurdert alle sider av saka, herunder om kommunen har oppfylt si rettleiingsplikt etter forvaltningslova.

Men - kommuneplanrevisjonen er vedteken meir enn 5 månader **etter** Fylkesmannens vedtak.

Kommunens argumentasjon - på Fylkesmannens vegne – relatert til revidert kommuneplan - er såleis **udokumentert** og kan hende også **usann**.

Eg tillet meg å be Fylkesmannen sjå nærare på dette tilhøvet.

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921